

Kaupanger skule v/ Eirik Menes
og elevar i 9. og 10. klasse

Sogndal 7. mars 2021

OPPDRAGSBREV

Viser til kommunikasjon og tidlegare samarbeid med Eirik Menes om Lektor 2-opppdrag for 9. og 10. klasse ved Kaupanger skule. ViteMeir ønskjer å bruke escape boksar som ein læringsmetode, og ønskjer at Lektor 2-prosjektet skal jobbe fram konkrete eksempel på slike escape boksar med oppgåver.

Oppdrag:

Elevane skal lage escape boksar med oppgåver berekna for 7.-8. klasse. Opplegget skal vere utforma slik at deltakarane må samarbeide om å finne løysinga på ulike praktiske og teoretiske oppgåver. Elevane skal skape ei historie der deltakarane må løyse ulike problem for å komme seg inn i ein «låst» boks. Oppgåvene bør utformast slik at de krevst ulike eigenskapar, kunnskapar og ferdigheiter, t.d. problemløysing, kreativitet, samarbeid og handlingskompetanse for å løyse dei.

Oppgåvene kan gjerne vere tverrfaglege, men me ønskjer at dei skal ha hovudfokus på matematikk og naturfag. Dersom ei eller fleire grupper har lyst til å bygge historia si kring matematikaren Sophus Lie, hadde det vore veldig spennande.

Presentasjon:

Me ønskjer at arbeidet skal presenterast gjennom ein praktisk demonstrasjon med deltakarar, i tillegg til ein kort gjennomgang med refleksjonar etter demonstrasjonen.

Venleg helsing

Åse Neraas
Formidlingsleiar
ViteMeir